

NYHEITER

Hardanger Folkeblad

www.hardanger-folkeblad.no

53 65 06 00



Ansvarleg redaktør:
Eivind Dahle Sjøstad,
Tyssealsvegen 10A
5750 Odda.

Etablert i 1949.
Kjem ut måndag,
onsdag og fredag.
Trykk: Sunnhordland.

TIPS OSS!

53 65 06 00

epost:
redaksjon@
hardanger-folkeblad.no

SMS/MMS:
TIPSHAF til 2470

Vi er også på Facebook,
Twitter og Instagram

LEIAR

Fare for brann

Sjølv om regnet har plaska ned dei siste dagane blei sommaren den mest ekstreme skogbrannperioden noko sinne i Noreg.

Fleire plassar i landet herja brannane og skapte store utfordringar for både kommunar og redningsetatar.

I Hardanger har det ikkje vore så mykje som til dømes på Austlandet, men då det tok til brenna i eit skogsområde ved Djonno på seinsommaren, såg det ei stund dramatisk ut.

Brannmannskapa sleit med å få oversikt og kom seg heller ikkje opp til brannstaden. Eit helikopter vart sett inn og dreiv med intensiv sløkking gjennom natta.

Sjølv om klimaendringane først og fremst vil gi oss våtare somrar i Noreg, vil det også bli fleire av dei verkeleg tørre og varme, forklarar klimaforskar Helge Drange ved Universitetet i Bergen til NRK.

Han trur ikkje vi har tatt inn over oss kva klimaendringane vil krevja av brannberedskapen.

No kan det godt vera at situasjonen i sommar har vore ekstraordinær, men når det kjem 100 ulike brannar samtidig, er det viktig at vi har eit brannvesen som har god beredskap.

Skrekken, for eksempel i Hardanger, vil vera fleire vanskelege brannar i ulendt terreng som trugar bustader. Slike operasjonar tappar raskt styrkane for ressursar.

Då er eit breitt og godt samarbeid på tvers av fleire kommunegrenser viktig.

I Hordaland har brannvesenet i Bergen og 15 andre brannvesen etablert eit samarbeid for å ha nok mannskap og utstyr å spele på.

Eit slikt samarbeid kan fort visa seg å verta viktigare i framtida om spådommane om fleire og tørrare somrar slår til.



SKOGBRANN: Oppe i fjellsida i Ullensvang tok det til å branna tidlegare i år.

■ Desse lokale verksemdene tente mest i 2017

Her vart det re



REKORD: Noralf AS enda opp med eit solid resultat i 2017 etter å ha sette produksjonsrekord.

Boliden toppar lista, og fleire av dei andre store industriverksemdene i Odda hadde også gode resultat i 2017.

SONDRE HAUKEDAL
sondre@hardanger-folkeblad.no
90013724

- Vi er godt nøgde med 2017. Resultatet vi enda opp med var bra, og vi sette produksjonsrekord, seier Jakob Løyning.

Han er dagleg leiar i Noralf AS på Eitrheimsneset. Fram til 2016 var dei ein frittstående del av Boliden sitt anlegg i Odda,



JAKOB LØYNING

2016, og heile rekordåret 2017, var difor som del av det italienske selskapet, som er verdas største leverandør av aluminiumfluorid.

- Boliden selde oss til det som den gongen var ein av konkurrentane våre. Å bli kjøpt opp av

men hausten 2016 vart dei seld til det italienske selskapet Fluorsid for 12,5 millionar euro. Overtakinga skjedde i desember

ein konkurrent slik var gunstig for konkurransesituasjonen vår, då vi mista ein konkurrent, fortel Løyning.

Låge råvareprisar

Aluminiumfluoridverket på Eitrheimsneset har ein produksjonskapasitet på 40 000 tonn aluminiumfluorid i året. I rekordåret 2017, var produksjonen over 38 000 tonn. Det gav driftsinntekt på 345 millionar kroner og eit overskot på 57 millionar kroner, noko som gjorde verket til ei av dei mest lønsame i Indre Hardanger i 2017.

- Slik sett var det eit godt år



Hardanger Folkeblad arbeider etter reglane for god presseskikk, fastlagde i Vær varsom plakaten. Dei som meiner seg råka av urett omtale vert bedne om å ta kontakt med redaksjonen. Pressens Faglige Utvalg (PFU) er oppnemnt av Norsk Presseforbund for å behandla klager som gjeld presseetiske spørsmål. Adressa er: Postboks 46, Sentrum, 0101 Oslo. Tlf.: 22 40 50 40. Fax: 22 40 50 55. E-post: pfu@presse.no

Hardanger Folkeblad arbeider etter reglane for god presseskikk, fastlagde i Vær varsom plakaten. Dei som meiner seg råka av urett omtale vert bedne om å ta kontakt med